

## RAPPORT FRÅ ARRANGEMENT PÅ FRIMERKETS DAG 2024

Stord frimerkeklubb markerte Frimerkets dag 5. oktober. Dette var første gongen etter mange års pause. Arrangementet vart halde ved post i butikk (Extra) på Stord amfisenter like ved Stord kulturhus. Me starta klokka 10.00 og var på stand fram til klokka 14.00.

Huseigar var svært imøtekomande med å gje oss ein god plass. Både bord og stolar var sett fram då me som arrangør kom. To medlemmer frå frimerkeklubben deltok på arrangementet. Me prøvde å profilera klubben med informasjon om frimerkets dag og egne aktivitetar.

Klubben hadde på førehand fått tilsendt informasjonsmateriell frå forbundet, dagens frimerke frå Frimerketjensesten og stempel frå Posten. Førstedagsbrev var laga til med klubben sin logo på konvolutten. Desse var for sal saman med egne produkt frå klubben sitt lager. I tillegg var det laga til ein gjettekonkurranse der interesserte mot ein rimeleg penge kunne tippa tal frimerke lagt i eit Norgesglas.

Det vart delt ut materiell me hadde fått tilsendt frå forbundet og klubben sin møteplan vart gitt til dei som ville ha den. Klubben si nettside vart formidla.



Det var ein del folk i området, men interessa for frimerke er tydelegvis svært lita for tida.

Arrangementet var kunngjort for klubben sine medlemmer med informasjon på klubbmøta, med egne meldingar på telefon og på Facebook.

I etterkant av arrangementet vil klubben vurdere om dette er verd innsatsen. Me fekk rett nok kontakt med ein god del folk, men så langt har ikkje tiltaket gitt nye medlemmer. Men me har i alle fall fått vist lokalmiljøet at klubben finst. Det er berre å håpa at dei som var i kontakt med oss fortel om oss til andre som samlar frimerke.


Stord, 08.10.2024.

*Nils Kåre Nysæter*  
Nils Kåre Nysæter



Tippekurransen engasjerte.

Formannen klar til å selja klubben sine produkt:



Førstedagsbrev som klubben hadde laga for sal:

